


## SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035

1. Informasjon om forslagsstiller			
Namn: Valestrand Helselag	Adresse: Postboks 16, 5291 Valestrandsfossen	Tlf: 48031533	Epost: valestrandhelselag@outlook.com
2. Informasjon om eigedom			
Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar	
144	1	Brakvatne, Magne	
144	2	Brakvatne, Alvhild Othilie	
137	4	Hendriksen, Knut jf grunnbok / Carl-Michael Hendriksen Palmér	
137	6	Edwardsdal, Marit Valestrand	
3. Informasjon om arealbruk idag			
<i>Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: Friområde</i>			
<i>Kva vart arealet nytta til tidlegare? Arealet er badeplass og utgangspunkt for friluftsliv og mosjon.</i>			
<i>Kva er bruken i dag? Området er mykje brukt som turmål året rundt. Badeområdet er spesielt mykje i bruk på varme sommardagar. Skøyting vinterstid er og populært. Elles mykje gjennomgangstrafikk. Det vert nytta litt kajakkar og kanoar. Det vert arrangert halvmaraton og «utedagar» i regi av turlag, skule og barnehagar. Det har og vore to utekonsertar og skuleavslutningar med framføring. Vedrørande område foreslått til parkering er det ikkje observert bruk av arealet.</i>			
4. Informasjon om ny arealbruk			
<i>Kva ny arealbruk er ønska? Etablering elementer som kan gje fleire tilbod og auka bruk generelt for friluftsområder på Osterøy. Enkelte eksempler tek og utgangspunkt i området me kjenner best, som er Brakvatne friluftsområde. Dette ut frå vurderingar av kva og korleis ein kunne fått dette til. Elementa kan vere like mykje eller gjerne meir aktuelle i andre friluftsområder. Det er såleis ønskjeleg at ein ikkje i føresegner avgrensa kva som er mogleg i for stor grad. Dagens føresegner må utvidast og me har ei liste over føreslegne tiltak i friområde. Det er ønskjeleg at det vert gjeve fritak for plankrav på slike tiltak for å forenkla byggjesak. At byggjegrense mot vassdrag i friområde vert sett til 0 meter.</i>			
<ol style="list-style-type: none"><li>1. For Brakvatne vil etablering av meir parkering og merking av dagens brukte parkering på kart vere viktig</li><li>2. At eit friluftsområde på generelt grunnlag opnar for å etablere anlegg for leik, eksempelvis liknande som naturklatreparken ved Husavatnet, 250 – meterskogen.</li><li>3. Bryggje for opphald med universell tilkomst, tilrettelagt for padling, bading og til å ta på skøyter om vinteren med meir.</li><li>4. Flytebryggje til bading og ei padlebryggje rett utfor land. Oppblåsbare badeleikar som tidsavgrensa kan nyttast i friområdet (sjå nærare forklaring under).</li><li>5. Baderampe for menneske med nedsett funksjonsevne.</li><li>6. Reiskapshus og tak over hovudet som vil gjere det bruken og det frivillege arbeidet lettare</li><li>7. Setje opp turkart/skilt med turområder og informasjon om friluftsliv i området.</li></ol>			




## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

#### *Kva er bakgrunnen for endra arealbruk:*

Friluftsområdet på Brakvatne er svært mykje brukt, men spesielt parkeringstilhøva gjer bruken vanskeleg. Det er og eit stort potensiale i å utvikle området meir for å få endå meir heilårsbruk. Utviklinga er avhengig av godkjenningar kommunalt og avtalar privat, sett opp mot tilgjengelege ressursar og ønskjer frå lokale lag. Til orientering har ikkje dette området avtale med Bergen og Omland friluftsråd, slik som eksempelvis parkområdet ved Husavatnet.




*Bilete til høgre: Kartutsnitt frå KPA over friluftsområde*

*Brakvatne. Bilete under: Dagens parkering.*



1. **Parkering.** Dagens parkering er trafikkfarleg og underdimensjonert. Den er plassert der Vardalsvegen møter den asfalterte Brakvatnevegen. Den er eigentleg kanskje ikkje ein parkeringsplass, då ein ikkje kan snu der eksempelvis. Grusvegen er likevel brei nok til at bilar kan parkere langsmed og det er plass til å passere vidare.

For å komme seg ut derifrå, må ein køyre litt fram og så rygge seg ut. Dette er ein krevjande manøver. Dette er eit hinder for bruk, noko eksempelvis kanskje eldre sjåførar kvir seg for å gjere. Når ein skal rygge ut igjen, potensielt så mykje som 50 meter, snik ein seg forbi parkerte bilar og badeklare born. Dei fleste rygger ut i vegen retning Valestrand, køyrer så fram over ferista og fram til avkøyrsla til dei to einebustadane. Der er det akkurat nok plass til at ein får rygga igjen og snudd. I dette området kan ein og sjå at dei som bur der har måtte etablert sperringar grunna ugreie parkeringar.



## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

Ved fint badevær, islagt vatn og spesielle anledningar er det overfylt på dagens parkering. Det er i dag plass til anslagsvis 7 - 10 bilar alt etter korleis ein legg godviljen til. Pluss 2 – 3 stk. innerst i Vardalen (ca. 550m å gå til badeplassen). Dette vil gje nye moglegheiter for bruk og sikre gode parkeringsmoglegheiter.

Benkar, kanostativ og liknande er og mogleg å plassere der, utan å vera einaste aktuelle plassen. Store delar av året vil parkeringa ha god kapasitet til eventuell annan bruk. Det er ikkje observert beitedyr på området, slik som på dagens parkering. Dagens parkering kan og med fordel utvidast i retning bekken for å få plass til eit par fleire bilar og kanskje gjere det mogleg å snu.

Til orientering er det ca 1,7 km frå Ole bull kro til badeplassen på Brakvatne. 2,3 km om Kringastemma. Med vanlig gangfart for vaksne (4-6 km/t) er det 17-25 minutt å gå den kortaste vegen. Så vert spørsmålet: Kor langt ønskjer eller kan ein gå med born og eventuell oppakning?

- Anlegg for leik, klatring med meir:** Som turdestinasjon året rundt, ville anlegg for leik, klatring med meir ein vore eit kjempestort pluss for friluftsområder. Dette er områder som skuler, barnehagar og andre kommunale tenester ofte nyttar. Truleg vil fleire ønskje å komme oppsøkje Osterøy sine friluftsområder om det vart etablert meir retta mot dei små borna. Ut frå slitasjen ser det absolutt ut som eksempelvis naturklatreparken frå 2018 har vore populær. Bruk i skule og barnehagetid kan smitte over på fritida til borna også. Familiar vil enklare kunne motivere borna til ein tur til ulike friluftsområder i kommunen, noko som vil vere ein aktivitet som ikkje treng koste ei krone.



Slike anlegg vil og vere ein mindre vèravhengig aktivitet som vil kunne gje meir heilårsbruk av våre friluftsområder.


*Til venstre: Fløyen klatrepark, bilete henta frå nettet*

Under: Svaberga på Brakvatne

- Bryggje:** Ei bryggje vil kunne forenkle bruk av eit friluftsområde ved eit badevatn på mange måter. På Husavatnet gjer den bruken av vatnet enklare. Med plassering foran svaberga på Brakvatnet vil den kunne ha universell tilkomst med litt gruslegging over ein liten del av berget. Ein vil kunne komme seg ut eller i land med kajakk eller kano.







## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

Vinterstid vil ei bryggje vera ein eigna stad for å ta på skøyter. Bryggja vil kanskje vera ein eigna stad som startpunkt for baderampe og bading. Det vil og vera lettare å ha oversikt over heile badestranda derifrå. Ofte er nemleg dei største borna ved stupebrettet og flytebryggja og dei mindre borna ved «grillstranda». Det vil verte kortare veg ut til flytebrygga med tanke på eventuell redning frå ei slik brygge, mens dei fleste ungdommar likevel vil svømje ut dit frå stupebrettet.

- 4. Flytebryggje med meir på vatn:** Flytebrygga er svært populær i samheng med bading og til dels skøytegang og bør inn i føresegn. Kajakk og kano er svært populært og kan leggjast betre til rette for med eigen bryggje/flytebryggje.


Frå dagens parkering til badeplassen må ein bera kanoen/kajakken 150 – 200 meter. Kajakkar kjem i mange størrelsar, men ein av typen som også kan nyttast i sjø er populært å ha. Desse kan vega opp mot 30 kilo. Mindre og lettare kajakkar kan vege ned mot rundt 15 kg, kanskje mindre. Kanoar veg meir.

Større oppblåsbare badeleikar kan forankrast i badesesong mai – august eller i heilt korte tidsrom. Dette vil truleg, dersom det vert aktuelt økonomisk, praktisk og trygt, kunne skape enorm interesse for bading blant born og unge. Brakvatne er ein aktuell stad for mikrotesting av noko slikt. Forslagsstillar er ikkje ekspert, men eit «fjell» eller ei oppblåsbar sklie med start og stopp ifrå vatnet kan vera aktuelt og truleg ikkje heilt uopnåeleg. Eit eksempel er «isfjellet» i Pirbadet i Trondheim (eit kjent eksempel som kanskje er litt stort).

- 5. Baderampe:** Etablering av baderampe med universell tilkomst vil vera positivt for mange. Personar med nedsett funksjonsevne vil lettare kunne komme seg i bad og det vil truleg føre til ei viss auke i bruk av staden. Det er per i dag få slike ramper på Osterøy.
- 6. Reiskapshus og tak over hovudet:** Ei enkel bod eller bittelite «hus» kan vera praktisk å ha. Rett ved Husavatnet, 10 m frå vatnet, eig kommunen eit slikt bygg med grunnflate på ca 20 m<sup>2</sup>. Noko slikt kan gjere det enklare å tilrettelegge for arrangement og generell bruk og vedlikehald av friluftsområdet på Brakvatne og andre stader. Dette vil og vera ein naturleg stad å kunne hente straum og eventuelt vatn. Dersom bygget vært plassert svært synleg, må det ha visse estetiske kvalitetar.

Praktiske omsyn som moglege plasseringar, tilgjengelege ønskjelege fasilitetar, estetiske omsyn og økonomiske rammer vil vera styrande. Kanskje kan straum, vatn og ein sesongåpen dusj finansiere litt av eit slikt bygg dersom ein tek betaling frå bubilar og badegjestar. Mange likar å ta ein dusj når ein har bada i Brakvatnet. På parkeringa ved Storavatnet står det ofte ein bil eller to, ofte ikkje store dyre bubilar, men personbilar som er bygd for camping. Desse søker truleg enkle og billege stadar å stoppe. Slik bruk er lett å tilrettelegge for på Brakvatne, kanskje og med litt fasilitetar til nytte for både fastbuande og tilreisande.

På Langaneset er det ein oppholdsplass heilt ytst mellom trea. Der står det ein benk per i dag. Det finnes ikkje ly for regn der. Det kan argumenterast for at gapahuk ikkje er eigna å etablere der, slik føresegner i gjeldande plan åpnar for. Eit bygg som liknar på det ein finn på Hallandskletten er meir aktuelt. Eller eit heilt enkelt overbygg på benk slik som ein finn bak den vidaregåande skulen. Om det vert tillate med slikt, vil området og denne turen vere meir attraktiv og gjere det meir aktuelt å sitje seg ned ei stund dersom regn.



## OSTERØY KOMMUNE


### Plan

- 7. Turkart/Skilt:** Ei tydeleggjering av turar, avstandar og annan bruk av området vil truleg gje auka bruk av området. Ein vil lettare kunne gjere seg kjend med området og få vite meir om eksempelvis Barkuset som tilhøyrrer Osterøy museum eller «Tjødne», heilt vest i friluftsområdet, som gjerne er den staden der isen fortast vert tjukk nok på vinterstid. Kven veit korleis ein kjem seg dit? Det veit truleg kun enkelte lokale sjeler. Stien kan då merkast av på kartet. Per i dag er det satt opp ei lita oppslagstavle bak badeplassen.


Beskriv omfang av planlagd arealbruk både på land og i sjø:

- 1. Parkering:** Det finnes eit stort og godt eigna område på 144/1 og 144/2 på ca 1000-1500m<sup>2</sup>. Denne delen av friluftsområdet har til no vore utilgjengeleg grunna høg vegetasjon, fukt og manglande formål ved eventuell bruk. Området har ei naturleg avgrensing i front med strømmaster, fine bjørketre og berg ut mot Brakvatnet.

*Alle bilete under er frå delen av friluftsområde som ikkje før er teke i bruk.*







## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

I nordre kant, lengst vekk frå vatnet, går ein gangveg med steinbru og port som er lukka når kyr er på beite ca i juli. Området er omkransa av ein del flotte kvite bjørketrær som i stor grad vil kunne stå der fortsatt og gje skugge og skjul. Parkeringsplassen er i stor grad skjult for innsyn frå turvegen rundt vatnet og frå sjølve vatnet. Den vil derimot vera godt synleg for dei to einebustadane på oppsida av vegen og moglegvis litt frå ein fritidsbustad litt lengre borte.

Nivåforskjell på området mot veg er på ca 1 m. Det er ei lita høgd mot bekken i retning badeplassen. Det er elles lite nivåforskjellar og området framstår som enkelt å omdanne til parkeringsplass med eksempelvis grusdekke. I det mindre området (ca 280m<sup>2</sup> tilhøyrande 144/1) er det kanskje ein overgrodd steinhaug frå arbeidet som vart gjort den gongen nivået på Brakvatnet vart seinka? Massar herfrå kan kanskje vera til hjelp med utjamning av området.


Tilkomst kan gjerne vera både i front, side og bakkant alt etter slik ein ser kva som er lurt. Per i dag er det allereie ei nedkøyrsløse frå vegen ca midt på. Frå ein ferdig parkeringsplass kan ein gå tilbake over steinbrua for å komme til badeplassen.

*Bilete under og til høgre, eksempel på mogleg plassering*



Det kan og bli fint om ein byggjer ei lita gangbru på 3-4 meter, med sperring for kyr, over bekken i framre kant mot vatnet. Gevinsten med ei slik løysing er eit betre skilje mellom gåande og køyretoy, samt kortare veg og etablering av ein fin sti langsmed vatnet i eit ubrukt område.

Tilgang på straum på parkeringsplassen vil gjere det lettare med arrangement og vere praktisk med tanke på annan bruk av området.



- 2. Anlegg for leik, klatring med meir:** I eit friluftsområde bør det òpnast for etablering av ulike anlegg for leik, klatring med meir. Eksempler på slik finn ein mange stader som ved Husavatnet, i 250 – meterskogen ved Vardalen og eit svært område på Fløyen som er uhyre populært og ei sterk naturoppleving for born og vaksne. Slike etableringar kan, alt utifrå avtalar, økonomi og plan for vedlikehald, verte svært små på berre nokre få kvadratmeter og nokre stokkar ein klatrar på til ei plankebru mellom to trær. Etableringar vil ta omsyn til landbruksinteresser og i samarbeid og med løyve frå grunneigarar. Omfang av planlagt arealbruk vert difor vanskeleg å vere meir konkret på.
- 3. Bryggje:** Området i vatnet i framkant av svaberga på badeplassen på Brakvatnet har aldri vore i bruk. Dette er eit område med litt siv og mudderbunn. Det er ca ein halvmeter djupt og truleg relativt lett å etablere ei bryggje. Svaberga bak er nokså høge og vil skjule mykje av brygga sett frå grusvegen. Går ein lenger ut med brygga, eksempelvis utover i vatnet, så vil den vere meir synleg men og meir spennande å gå ut på. Dybdeforhold lenger ut er ukjent. Bryggja vil også vere ein stad for bruk av kano og kajakk.
- 4. Flytebryggje med meir på vatn:** Bryggja for bading vil liggje i passende avstand til land og forankrast med moglegheiter for ilandføring for vedlikehald.

Bryggje og flytebryggje for kajakk og kano kan gjerne etablerast i framkant av foreslått parkering. Det vil skilje mellom badegjestar og «padlegjestar» på ein god måte. Den vil og lett kunn dras i land vinterstid. Denne plasseringa vil medføre svært kort bæretur frå bil til vatn. Eventuell plassering rett til venstre for bekken sett på kartet.



Ei bryggje foran badeplassen vil kunne supplere og vere grei for kajakk og kano å leggje seg inntil, eksempelvis fram til parkering og anlegg for kano/kajakk er etablert. Erfaringar for bruken av brygga på Husavatnet må takast med i planlegginga av liknande anlegg på Brakvatne.



Sesongplasserte badeleikar, som eksempelvis ei vanntrampoline, vil følgje same prinsipp som flytebryggje og elles overhalde lovar, reglar og anbefalingar med tanke på tryggleik dersom ein opnar for dette i planen. Med feste frå flytebryggje og på land vil ein relativt raskt kunne setje dette opp og ta den ned igjen for bruk knytt til eit arrangement eller lengre.

*Bilete over: Isberget i Pirbadet, Trondheim. Bilde henta frå nettet*

- 5. Baderampe:** Det er fleire moglege stader for ei baderampe og desse må undersøkjast. Me må snakka med råd for menneske med nedsett funksjonsevne for god prosess. Mellom stupebrettet og hovudstranda finnes eit område med sleipt svaberg som forsvinn ned i vatnet der ingen badar. Frå ei bryggje i framkant av svaberget kan noko slikt vera aktuelt. Kanskje i området utfor grillstaden.

*Bilete under og til venstre: Hanstveitholmane*

## 6. Reiskapshus og tak over hovudet:

Etablering av eit hus/bod/lager vil krevje kanskje 20 m<sup>2</sup> på ein eigna stad i eit friluftsområde. Kommunen sitt bygg ved Husavatnet kan vere ei rettesnor. Estetiske kvalitetar, som eksempelvis eit vindauge, må vurderast ut frå plassering av bygget. Utformingar vert utifrå prioriteringar knytt til praktisk bruk og økonomiske rammer. Ein konsekvens kan vera auka bruk av området. Enkelte stader kan det i eit slikt bygg vere mogleg å føre fram eksempelvis tilgang på straum.

Tak over hovudet i vil og vere eit populært tilskudd for auka bruk. Vårt klima er prega av mykje byevér og for ein barnehage eller skuleklasse på tur, vil tak kunne bety mykje for om turen kan gjennomførast eller eventuelt avsluttast. Dagens føresegn opnar for etablering av gapahuk på 15 m<sup>2</sup>. Tida for gapahukar sin popularitet er kanskje ikkje over, men i nokre tilfeller kan kanskje andre bygg tilpassast miljø og bruken vel så godt som ein gapahuk. Det bør åpnast for etablering av bygg med formål om ly for vér og vind utan å spesifisere at det må vere gapahuk. Andre flotte bygg som grindabygg kan og liggje fint i terrenget.

Spesifikt på Langaneset i Brakvatne friluftsområde vil etablering av eit bygg liknande det nær sirkelforma bygget på Hallandkletten passa fint. Eventuelt vil eit simpelt tak over ein benk og vera lite synleg frå bilvegen og turvegen rundt vatnet. Kanskje eit lite grindabygg om ein fekk råd til det. Tak over hovudet og gjerne noko som kan stoppa litt av trekken eller vinden som er der. Ole Bull hadde jo visstnok i si tid noko bygd her og sjølvne neset tilhøyrer den eigedomen. Grunnflate opp til 15m<sup>2</sup> er passande, som og er det dagens føresegn set som grense for gapahuk.

- 7. Turkart/Skilt:** Plassering ved vatnet eller i starten av området vil krevje lite inngrep. To hol i fjell eller annan mindre fundamentering.

## 5. Kart


Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Underlagskart kan printast ut frå <https://www.nordhordlandskart.no/osteroy> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggest ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

## 6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad **X** NEI \_\_\_\_\_





## OSTERØY KOMMUNE

### Plan

*Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål: Fleire overordna mål.*

- Miljømessig berekraft og
- sosial berekraft fordi betre fasilitetar vil gje auka bruk av friluftsområdet på Brakvatne og andre friluftsområder på Osterøy. Dette vert fleire kostnadsfrie og kortreiste attraktive aktivitetar for store og små ved å tilby gode fasilitetar i nærmiljøet.
- Til dels økonomisk berekraft ved å styrkje reisedestinasjonen Osterøy. For Brakvatne friluftsområde sin del med Bullahuset, Brakabu, Hamre kyrkje og Eides café i nærleiken. Økonomisk vekst i kommunen med tilflytting og mindre fråflytting då oppveksande generasjon vil ta med seg gode minner. Andre på tur heimom frå eksempelvis studiestadar vil vere meir interessert i å komme heim. I annonsering for bustader vert Brakvatne stadig løfta fram som kvalitetar området byr på. Truleg er det slik med andre friluftsområder på Osterøy også.
- Delmål som **universell utforming** med betre tilkomst og parkering. Etablering av bryggje og baderampe i eit friluftsområde.
- **Attraktivt lokalsamfunn** med å byggje opp om og styrkje eit allereie populære friluftsområder.
- **Frivillig arbeid** med å gjere arbeidet lettare for dei frivillige som arbeider med friluftsområdet. Dette ved å opne for å etablere betre fasilitetar. Ein vil då i mindre grad måtte nytta eigen eigedom og andre kreative og kanskje tungvinte løysingar for dugnadsprosjekter knytt til friluftsområdet.
- **Grønt skifte** med at friluftsområder er kortreiste alternativ for folk på Osterøy og nærliggjande kommunar.

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad  X  NEI \_\_\_\_\_

*Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:*

Generell arealstrategi ved

- **Berekraftsyn.** Kortreiste opplevingar, trivsel og helse.
- **Byggjer opp om eksisterande sosial og teknisk infrastruktur.**
- **Sikrar tilgang til verdifulle natur- og kulturlandskap for ålmenta.** Særleg ved etablering av ny skikkeleg parkering på Barkvatne vil vera den mindre farleg og medføre mindre sjanse for å måtte snu om alt er fullt. Gjere området lettare tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsevne. Problemer med parkering er kjend problematikk for oss alle når det gjeld badeplassar omkring på Osterøy. Innbyggjarar som ønskjer å nytte våre lokale badeplassar treng gode parkeringsforhold enten dei køyrer 8 km til Storavatnet eller 8 km til Brakvatne frå kommunesenteret. Sjeldan finn ein enklare areal å tilrettelegge enn det som ligg på Brakvatne.
- **Vidareutviklar eksisterande senterstruktur og lokale senter.** Friluftsområdet Brakvatne som me kjenner best, ligg i umiddelbar nærleik 2 km frå Valestrand og rimeleg avstand til kommunesenteret med totalt 8 km god veg (med unntak av siste 1,4 km).

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

SLUTT

**Skjema skal sendast til e-post:**

[post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)